

Godt haustbesøk for TI-aren

29.09.2009

TI-aren Cafe i Gamleskulen har godt haustbesøk. sjølv om det ikkje har vore så mange innom dei siste tysdagane denne månaden som den første. Då var det 44 vaksne og 12 barn der.

Den neste tysdagen visar statistikken 21 vaksne og 7 barn og sist tysdag var 28 vaksne og 7 barn innom.

I dag, altså den siste tysdagen i september, har besøket vore 34 vaksne og 12 ungar.

Ikkje minst er det gledeleg at så mange tar med smårollingane sine også i denne 'sesongen', seier dei driftige damene som står på med kafedugnaden.